



Norsk Saneringsservice AS  
Østensjøveien 15D  
0661 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1483 - 19/15733

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

10.07.2019

## Godkjenning -løyve til riving av brannskada bygg - gbnr 1/263 Flatøy

**Administrativt vedtak. Saknr: 156/2019**

**Tiltakshavar:** Fnp-Eiendom AS

**Ansvarleg søkjar:** Norsk Saneringsservice AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av brannskada bygg - eldre butikk på gbnr 1/263 Flatøy - med bygd areal (BYA) på ca. 357 m<sup>2</sup>.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.07.19.

Pantehavar har samtykket til riving i dokument datert 27.06.19.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for flytebru med vegnett Flatøy med idnr. 125619890002 er definert som forretning/serviceområde.

### Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3 då naboar sine interessa er ikkje råka.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteke 02.07.19.

### Ansvarsrettar

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det er føretak Norsk saneringssservice AS som har erklært ansvarsrettar som både ansvarleg søkjar, prosjektering av miljøsanering og utføring av riving og miljøsanering i samsvar med gjennomføringsplanen versjon 1, datert 27.06.19.

### **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **VEDTAK:**

*«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for riving av brannskada bygg på gbnr 1/263 på følgjande vilkår:*

- 1. Det skal lagast miljøsaneringsrapport og avfallsplan for tiltaket etter TEK §§ 9-7 og 9-6.*
- 2. Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*
- 3. Dokumentasjon for 2 punktar ovanfor skal vere sendt kommunen ved søknad om ferdigattest.»*

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1483**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart  
Gjennomføringsplan og ansvarsrett

**Kopi til:**

Fnp-Eiendom AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
Nordhordland og Gulen	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
Interkommunale			
Renovasjonselskap Iks			

**Mottakarar:**

Norsk Saneringservice AS	Østensjøveien 15D	0661	OSLO
--------------------------	-------------------	------	------